

Hegge sokneråd:

Bygdinvegen 1989,

2940 Heggenes

09.10.14

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

## **MELDING OM VEDTAK**

Hegge sokneråd handsama i møte 09.10.14 sak

### Høyringsvar – Staten og Den norske kirke – et tydelig skille

Følgjande vart einstemmig vedteke:

Sokneråda merker seg med glede at Kulturdepartementet legg vekt på å lovfeste statlege overføringar til kyrkjelege organ som svarer til dagens statlege finansiering. Vi er glade for at departementet legg vekt på at det fortsatt skal være ei landsdekkjande folkekyrkje. Det er difor med ei viss uro at vi i innleiinga til høringa les at ei einheitleg lov om trus- og livssynssamfunn kan ende med ei medlemsfinansiering. Ei finansiering ved medlemsavgift vil undergrave kyrkja sitt vidtfamnande preg, og integrerte del av mange lokalsamfunn.

Vi vil og gjere merksam på dei uheldige verknader ved å definere kyrkja som eit trus-og livssynssamfunn. Det er ein definisjon som usynleggjer og definerer bort kyrkja si historiske, kulturelle og samfunnsintegrerte rolle. Eit trussamfunn skildrar ei samfunn av «truande», med vekt på religionens personlege forhold, og det ser heilt bort frå den samfunns integrerande, og samfunnsbyggjande funksjon kyrkja har i mange lokalsamfunn, ikkje minst synleg ved gravferder og kriser. Ved at desse funksjonane vert usynlege vert dei og svekka. Det er uheldig og øydeleggjande når slike upresise og lite dekkjande omgrep vert nytta om Den Norske kyrkja.

Vi er glade for at soknet skal fortsetja å vera kyrkja si grunneining, og at alle sokn skal ha rett på sin eigen prest. Eigen prest, eige sokneråd sikrar nærleik og tilhøyre til kyrkja.

Hegge sokneråd